



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Peter Olav Lura		20/444

Saksnr	Utval	Type	Dato
157/20	Formannskapet	PS	23.11.2020
123/20	Kommunestyret	PS	07.12.2020

### Eigedomsskattevedtak 2021

#### Prenta vedlegg:

EIGEDOMAR MED FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2018 - Oversikt fritak etter §7 bokstav b)

EIGEDOMAR MED FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2021: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. I staden for nye allmenn taksering vedtek kommunen ein auke i takstane med 10 % frå verdet ved utskrivning av eigedomsskatten til 2011. Jamfør eigedomsskattelova § 8 A-4.
3. Eigedomsskattesatsen er 2,50 promille.
4. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 760 000 av takstverdi.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
6. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
7. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 20.3. og 20.9. i skatteåret.
8. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
9. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføremål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.



## **FOR - behandling:**

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til endra pkt. 3 og 4 frå Rune Teikari (FrP):

- Eigedomsskattesatsen er 2,0 promille.
- For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 900 000,- av takstverdi.

### **Røysting:**

Det blei først røysta over pkt. 1 og 2 i rådmannen sitt framlegg. Resultatet blei samrøystes for.

Pkt. 3 og 4 i rådmannen sitt framlegg blei så sett opp mot framlegget frå Teikari. Resultatet blei 4–3 i favør av sistnemnde. Mindretallet var Lars E. Hollund (H), Jarle Jacobsen (KrF) og Monica V. Valen (Sp).

Det blei deretter røysta over pkt. 5 til 9 i rådmannen sitt framlegg. Resultatet blei samrøystes for.

## **FOR - vedtak:**

### **Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2021: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. I staden for nye allmenn taksering vedtek kommunen ein auke i takstane med 10 % frå verdet ved utskrivning av eigedomsskatten til 2011. Jamfør eigedomsskattelova § 8 A-4.
3. Eigedomsskattesatsen er 2,0 promille.
4. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 900 000,- av takstverdi.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
6. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
7. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 20.3. og 20.9. i skatteåret.
8. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
9. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføremål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.

Kommunestyret - 123/20

## **KOM - behandling:**

Fleire tok ordet i saka.

**Dagfinn F. Bjørge (Sp) fremma pkt. 3 og 4 frå rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Eigedomsskattesatsen er 2,50 promille.
- For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 760 000 av takstverdi.

### **Røysting:**

Det blei først røysta over pkt. 1 og 2 i formannskapet si tilråding. Resultatet blei samrøystes



for.

Pkt. 3 og 4 i forlaget si tilråding blei deretter sett opp mot Bjørge sitt framlegg. Resultatet blei 13–12 i favør av førstnemnde.

Det blei deretter røysta over pkt. 5–9 i formannskapet si tilråding. Resultatet blei samrøystes for.

## **KOM - vedtak:**

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2021: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. I staden for nye allmenn taksering vedtek kommunen ein auke i takstane med 10 % frå verdet ved utskriving av eigedomsskatten til 2011. Jamfør eigedomsskattelova § 8 A-4.
3. Eigedomsskattesatsen er 2,0 promille.
4. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 900 000,- av takstverdi.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
6. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
7. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 20.3. og 20.9. i skatteåret.
8. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
9. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføre mål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.

# **Saksutgreiing**

## **Samandrag**

Sveio kommune har låge eigedomsskattetakstar og låge inntekter frå eigedomsskatt. Rådmannen går inn for kontorjustering av eigedomsskattetakstane med 10 % for 2021, i staden for ny allmenn taksering. Eigedomsskattepromillen aukast til 2,50 og botnfrådraget reduserast til kr 760 000,-. Dette gjer inntekter frå eigedomsskatt på nivå med inntektene i



opphavleg budsjett 2020 før verknaden av kontorjusteringa.

## Bakgrunn for saka

Det årlege eigedomsskattevedtaket.

## Saks- og faktaopplysningar

Sveio kommune fatta vedtak om innføring av eigedomsskatt i kommunestyret 13.12.2010, med verknad frå 1.1.2011. I følgje eigedomsskattelova § 8 A-3 (2) er hovudregelen at det skal vera ei allmenn taksering av eigedommane i kommunen kvart tiande år. I staden for ny allmenn taksering kan en velje ei kontorjustering av takstane. Justeringa kan maksimalt vera 10 % frå eit år til eit anna. Det er ein føresetnad at takstane ikkje er høgare enn omsetningsverdet. Det er gjort ein gjennomgang av prisen på alle eigedommar som er seld (ordinært) to gonger sidan 1.1.2011. Den visar at prisoppgangen har vore ganske stor i Sveio dei siste ti åra. Betydeleg høgare enn 10 %.

I følgje eigedomsskattelova §§ 11 og 13 skal eigedomsskattesatsen ver frå 1 til 7 promille, for bustader og fritidsbustader kan satsen likevel ikkje vera høgare enn 5 promille. I regjeringas forslag til statsbudsjett 2021 er maksimal skattesats for bustader og fritidsbustader foreslått redusert til 4 promille. Eigedomsskattesatsen kan som hovudregel ikkje auka med meir enn 1 promille per år.


Kommunestyret kan årleg fastsetje botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd (sjå eigedomsskattelova § 11 andre ledd). Botnfrådraget skal vere ein fast kronesum som skal trekkjast frå taksten før skatten blir berekna. I Sveio kommune er det ca 3 000 bueningar, medrekna fritidsbustader. For kvar 100 000 kroner i botnfrådrag vil inntektene av eigedomsskatten bli redusert med ca kr 600 000. Ein må her vera merksam på at skattøyret ikkje kan aukast same året som botnfrådrag fell bort.

I følgje eigedomsskattelova § 7 bokstav c kan kommunestyret gjera vedtak om fritak i inntil 20 år for nyoppført bygning som heilt eller delvis skal nyttast til bustadføremål. Eventuelt fritak gjeld frå den tida bygningen vart ferdig.


Ved utskriving av eigedomsskatten for 2020 blei det ved ein inkurie gjort ein feil ved berekning av ny generell reduksjonsfaktor på 30 % for bustader og fritidsbustader. For å oppretthalde inntektene på nivå med opphavleg budsjett 2020 må ein justera opp promillen og/eller redusera botnfrådraget. Ved utskrivinga til 2020 la ein til grunn ein promille på 2,00 og eit botnfrådrag på kr 900 000,- per bustadel. Med ein promille på 2,00 måtte botnfrådraget i 2020 vore redusert til om lag kr 530 000,- for å få same inntekter som i 2019. Med eit botnfrådrag på kr 900 000,-, måtte promillen vore om lag 2,90 for å få same inntekter som i 2019.

Opphavleg budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt i 2020 var kr 4 250 000,-. Dei faktiske inntektene i 2020 vil enda på om lag kr 3 000 000,-. I 2011 var inntektene frå eigedomsskatt i Sveio kommune om lag kr 10 500 000,-.

Rådmannen har budsjettert med inntekter i 2021 på nivå med opphavleg budsjetterte inntekter i 2020, med 10 % tillegg for kontorjustering. Det er ulike kombinasjonar av promille og botnfrådrag som vil nå denne inntekta.



Sveio kommune har låge inntekter frå eigedomsskatt i forhold til kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.



**Innkome merknadar / Uttale frå partar**  
Ingen

**Konsekvensar**



Sveio kommune

Låg eigedomsskatt for innbyggjarane i Sveio kommune, og moderate inntekter frå eigedomsskatt for kommunen.

### **FN sine berekraftsmål**

Ikkje vurdert.

### **Økonomiske konsekvensar**

Inntekter frå eigedomsskatt i 2021 som i rådmannens framlegg til budsjett.

### **Beredskap**

Ikkje vurdert.

## **Vurdering**

Sveio kommune har bruk for inntekter frå eigedomsskatt for å kunne gje innbyggjarane tenester på eit tilfredsstillande nivå. Eigedomsskattetakstane i Sveio er generelt låge i forhold til omsetningsverde på eigedommane i kommunen. Særskild når ein tar omsyn til verdiutviklinga sidan takseringa i 2010. Sveio kommune har låge inntekter frå eigedomsskatt i forhold til andre kommunar. Inntektene har gått kraftig ned sidan innføringa i 2011. Etter rådmannens vurdering bør inntektene får eigedomsskatt minst vera på nivå med opphavleg budsjetterte inntekter i 2020, med tillegg av 10 % for kontorjustering.

Med høgt botnfrådrag og relativt høg promille vil det vera relativt få eigarar som betalar relativt høg eigedomsskatt. Med lågt botnfrådrag og låg promille vil fleire eigarar betala relativt mindre i eigedomsskatt. Rådmannen går for ein moderat auke i promillen og ein moderat reduksjon av botnfrådraget.

## **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen går inn for 10 % kontorjustering av eigedomsskattetakstane i kommunen frå 1.1.2021, ein skattepromille på 2,50 og eit botnfrådrag på kr 760 000,-.

## **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Eigedomsskattelova.